



## IKORNNES OG SYKKYLVEN KYRKJELYD

Sykylven, 22.04.2025

Kjære, konfirmantar og føresette

Her er informasjon om kappeprøving og sjølve konfirmasjonsdagen.

### Kappeprøving, øving til konfirmasjonsdagen og fotografering

Kappeprøving osv. vert gjennomført den 24. april fra kl. 14.30-16.30 Sykylven kyrkje.

Konfirmantane vert delt i grupper etter val av konfirmasjonsdag. Gruppevis vil dei prøve kappe, øve på konfirmasjonsdagen og velje forbøn.

#### Kappeprøving

Kappene får de tildelt i kyrkjesal 2. Prøving av kapper vi foregår puljevis, så sant ikkje anna er avtala.

Kappa vert utdelt ved kappeprøving. Den som lånar kappa er ansvarleg for den fram til innlevering i etterkant av konfirmasjon.

Dersom kappa vert skada eller ikkje levert attende, vert ansvarleg belasta med kostnadar tilsvarende innkjøp av ny kappe.

Ikkje vask kappa dersom den vert tilgrisa av flekkar e.l.

Konfirmantane får med kappe heim og tek den med på konfirmasjonsdagen.

Konfirmantane/føresette signerer på lån av kappe.

#### Fotografering

Ca. kl. 16. vert det felles fotografering ved Fotograf Lyshol. Fotografen tek opp bestilling samme dag, altså den 24. april. Så gi konfirmanten din beskjed i forkant om de skal ha biletet eller ikkje. Kyrkja gir beskjed via sms når biletet er klare til henting hjå fotograf Lyshol. Normalt rekk dei det i forkant av konfirmasjonane.

NB! Alle bør ha pene sko. Om ein vil ha bunadskjorte eller ikkje, er valfritt. Kappene har ståkragar så det er ikkje nødvendig. Unngå hettegensarar, desse må tas av når bilde vert tatt. Det vert tid mellom dei ulike stasjonane til å stelle seg. Konfirmantane får hjelp med å ordne seg dersom dei treng det.

Val av forbøn

Konfirmantane vel sjølv bøna vi skal be for dei på konfirmasjonsdagen. Dette gjerast ved google forms som dei får tilgang til via en QR-kode den 24. april.

Det vert drikke, enkel mat og snacks/frukt vert tilgjengeleg i kyrkjesal 1 den 24. april.

## Konfirmasjonsdagen

Oppmøte seinast 30 minutter før gudstenesta startar. Dette for at konfirmantane skal rekke å ta på kapper, stille opp og får utdelt forbøn. NB! Husk kappa!

Kyrkja har leigd fotograf som tek bilete av konfirmantane oppe ved alteret. Det blir også tatt felles bilet ute ved kyrkjetårnet når gudstenesta er over. Bileta vert tilgjengeleg for nedlasting via Dropbox i etterkant av konfirmasjonshelgene. De vil få beskjed når bilet eter lagt ut.

Lever kappa i kyrkjekjellaren etter fotografering.

Ta kontakt om det er noko de lurer på? Kyrkjekontoret telefon 70 24 69 00, gjerne i kontortida frå kl. 10-14, eller på e-post [post@sykkylven.kyrkja.no](mailto:post@sykkylven.kyrkja.no)

*Venleg helsing*

*Kathrin og Jonas*